

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkande tariffavtale.»

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Punkt 6 - siste setning (endring i fet skrift)
Innkjøpsfunksjon skal bidra til å redusere bruk av plast **og fjerne unødvendig bruk av plast** i Vestland fylkeskommune gjennom krav i konkurransar.»

Morten Klementsens (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt
Vedteke Transparency International Norge sin antikorupsjonshandbok skal brukast i alle ledd i fylkeskommunen. Også ved innkjøp.»

Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag a):

«Tillegg:

Til punkt 5
Vestland fylkeskommune skal i så stor grad som lover og forskrifter tillet det, legge til rette for at anbod og kontraktar vert utforma slik at lokale næringslivsaktørar kan delta i konkurransane.»

Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag b):

«Tillegg:

Punkt 11
Vestland fylkeskommune skal gjennom systematisk kontraktsoppfølging av leverandørar og underleverandørar jobbe for å motvirke og avdekke korrupsjon og arbeidslivskriminalitet.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Til overskrift
Under hovedmål 7, legg til «, med særleg fokus på seriøsitets- og lærlingekrav i innkjøpa.»»

Fylkesordførar Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget ber om å få ei sak i juni der ein tek stilling til følgjande:

Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkande tariffavtale.»

Kollbotn trakk sitt forslag.

Avrøysting

Djuvik sitt forslag a) vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag vart vedteke med 59 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, FNB, Frp, H).

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Djuvik sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Klementsens sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til hovudmål for innkjøp vert gjort gjeldande i Vestland fylkeskommune med slike tillegg:

Tillegg til punkt 5:

Vestland fylkeskommune skal i så stor grad som lover og forskrifter tillet det, legge til rette for at anbud og kontrakter vert utforma slik at lokale næringslivsaktører kan delta i konkurransane.

Endring:

Punkt 6 - siste setning (endring i fet skrift)

Innkjøpsfunksjon skal bidra til å redusere bruk av plast **og fjerne unødvendig bruk av plast** i Vestland fylkeskommune gjennom krav i konkurransar.

Til overskrift under hovudmål 7, legg til, «med særleg fokus på seriøsitets- og lærlingekrav i innkjøpa».

Nye punkt:

Vestland fylkeskommune skal gjennom systematisk kontraktsoppfølging av leverandørar og underleverandørar jobbe for å motvirke og avdekke korrupsjon og arbeidslivskriminalitet.

Vedteke Transparency International Norge sin antikorrupsjonshandbok skal brukast i alle ledd i fylkeskommunen. Også ved innkjøp.

Fylkestinget ber om å få ei sak i juni der ein tek stilling til følgjande:

Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre norsk landsdekkande tariffavtale.